



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	04.06.2025
Møtetid:	09:00 - -13:15
Møtestad:	Frekhaug - Kommunehus, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Liv Hopland Van der Kooij	medlem	SP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Wilfred Berthelsen	MEDL	VIP
Leif Johnsen	MEDL	MDG
Henning Fyllingsnes	MEDL	H
Olav Myhr	MEDL	KRF

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Irene Stendal Østerbø	varamedlem	VIP
Eldbjørg Bakke	varamedlem	R
Karina Borgen Solen	varamedlem	H

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Siril Therese Sylta	Tenesteleiar
Eirik Sætre	Avdelingsleiar
Kristin Nåmdal	Tenesteleiar
Tone Margrethe Bærland Furustøl	Rådgjevar

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 59/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 60/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 07.05.25	
PS 61/25	Delegerte vedtak APM 04.06.25	
PS 62/25	Klage på dispensasjon frå arealføremålet LNF og løyve til arealoverføring av 105m2 frå gbnr 338/3 til 338/63 - gbnr 338/63 Refskar	
PS 63/25	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF og nedslagsfelt for drikkevatn for oppføring av nytt våningshus, ny driftsbygning og minirensanlegg mfl. tiltak - gbnr 454/7 Ulvatn 68	
PS 64/25	Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå friområde i sjø og byggegrense mot sjø samt avslag på søknad om løyve til etablering av flytebyggje med badstue til allmenn tilgjengeleg bruk – gbnr 424/325 Bøvågen	
PS 65/25	Klage på dispensasjon frå regulert avkøyrslø og frå krav om saltak samt løyve i eitt-trinn for oppføring av tomannsbustad - gbnr 108/634 - Felt B1 Gamle Prestavegen	
PS 66/25	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av 2 tomannsbustader - gbnr 24/158 og 24/159 Mykingvegen	
PS 67/25	Klage på dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. § 1-8 samt løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsbustad - gbnr 338/3 Ådlandsvegen	
PS 68/25	Språkbruksplan for Alver kommune	
PS 69/25	Detaljreguleringsplan for Hanevika - Sylta, gbnr 421/2 og 11 m.fl. - 1. gongshøyring/offentleg ettersyn	
PS 70/25	Detaljregulering for Børøy - 2. gongs handsaming	
PS 71/25	Revisjon: Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse	

- PS 72/25 Høyringsuttale frå Alver kommune på forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion
- PS 73/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø samt avslag på søknad om løyve for flytebyggje med landgang – gbnr 347/52 Skurtveitvegen
- PS 74/25 Klage på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø for fjerning av grunne i sjø med 2 vilkår - gbnr 229/9 Bjørsvikvegen
- PS 75/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 samt avslag på søknad om løyve for etablering av veg – gbnr 351/108 Naustvika
- PS 76/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og avslag på søknad om løyve for oppføring av bustad nr. 2 (kårbustad) på gard med planlagt framtidig drift - gbnr 344/2 Skintveitvegen
- PS 77/25 Klage på dispensasjon frå naustføremål på land, arealføremålet bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsone og frå byggegrense mot sjø for etablering av 2 felles slippar, mur og dekker til 7 naust på vilkår – gbnr 60/3 Langeneset
- PS 78/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for bruksendring og på avslag på søknad om løyve til bruksendring og fasadeendring – gbnr 99/27 Fjellangersvingane

PS 59/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Endring i sakliste:

Desse saker vert teke før PS 62/25;

PS 63/25 - PS 73/25 - PS 74/25 - deretter følgjer oppsatt sakliste.

Innkalling og sakliste vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Innkalling og sakliste med endringer er godkjent.

PS 60/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 07.05.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Ingen merknader. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 61/25 Delegerede vedtak APM 04.06.25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Delegerede vedtak er teke til vitande.

PS 62/25 Klage på dispensasjon frå arealføremålet LNF og løyve til arealoverføring av 105m² frå gbnr 338/3 til 338/63 - gbnr 338/63
Refskar

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Klagene, ifrå tidlegare grunneigar og nabo med vegrett, på dispensasjon frå arealføremålet LNF og løyve til arealoverføring av 105m² frå gbnr 338/3 til 338/63, datert 26.02.2025 og mottatt 27.02.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for arealoverføring av om lag 105 m² frå gbnr. 338/3 til 338/63.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av om lag 105 m² frå gbnr. 338/3 til 338/63 på følgande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan, jf. pbl. § 29-4.
- Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Kommunens vedtak har ingen innverknad på eventuelle private rettigheter.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33

PS 63/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF og nedslagsfelt for drikkevatn for oppføring av nytt våningshus, ny driftsbygning og minireinseanlegg mfl. tiltak - gbnr 454/7 Ulvatn 68

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Framlegg frå Olav Steinar Namtvedt-SP:

Sak PS 63/2025 – gnr/bnr 454/7 Ulvatn i Alver kommune

Med grunnlag i nye opplysningar frå administrasjonen vedkommande vurdering av utslepp (vedlagt) gjer Hovudutval for Areal, Plan og Miljø fylgjande

Vedtak:

«Alver kommune godkjenner søknad om dispensasjon frå føresegn 3.5.6 og 4.1 i kommunedelplan for oppføring av våningshus, ny driftsbygning, minireinseanlegg samt rehabilitering av same bygningsmasse. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Fylgjande vilkår for godkjenninga vert sett:

1. «Dersom det skal installerast reinseanlegg her, må ein sikre at avløpsvatn ikkje har avrenning til drikkevasskjelde. Dersom avrenning skal være innanfor nedslagsfeltet til drikkevatnet, må ein sikre at avløpsvatn går igjennom ekstra reinsetrinn før avrenning til drikkevatn.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Sak PS 63/2025 – gnr/bnr 454/7 Ulvatn i Alver kommune

Med grunnlag i nye opplysningar frå administrasjonen vedkommande vurdering av utslepp (vedlagt) gjer Hovudutval for Areal, Plan og Miljø fylgjande

Vedtak:

«Alver kommune godkjenner søknad om dispensasjon frå føresegn 3.5.6 og 4.1 i kommunedelplan for oppføring av våningshus, ny driftsbygning, minireinseanlegg samt rehabilitering av same bygningsmasse. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Fylgjande vilkår for godkjenninga vert sett:

1. «Dersom det skal installerast reinseanlegg her, må ein sikre at avløpsvatn ikkje har avrenning til drikkevasskjelde. Dersom avrenning skal være innanfor nedslagsfeltet til drikkevatnet, må ein sikre at avløpsvatn går igjennom ekstra reinsetrinn før avrenning til drikkevatn.»

PS 64/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå friområde i sjø og byggegrense mot sjø samt avslag på søknad om løyve til etablering av flytebyggje med badstue til allmenn tilgjengeleg bruk – gbnr 424/325 Bøvågen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Framlegg frå Kenneth T. Murberg-SP:

Dispensasjon er gitt er i tråd med plan- og bygningslova §19-12.

Tiltaket innebærer ikke at lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentlig satt til sides.

Ved dispensasjon skal utvalget ta stilling til om fordeler ved å gi dispensasjon er klart større enn ulemper.

Ved dispensasjon skal det også legges særlig vekt på konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved å stille vilkår knytt til dispensasjonen, meiner AMP at helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet er godt ivaretatt.

For å kunne ta stilling til om fordelene var klart større enn ulempene, var utvalget på synfaring den 2.6.2025.

Etter utvalget sitt syn, støtter tiltaket opp under Bøvågen som ei aktiv og engasjert bygd, som er opptatt av samhold, dugnadsarbeid og «alle skal med». Tiltaket er slik sett et godt tilbud til bygda.

Kaiområdet er også ein samlingsplass for bygda, og arena for ulike arrangement.

Tiltaket er mobilt og reversibelt, og satt opp slik at det er tilrettelagt for allmennheten.

Av ulemper vurderast forhold som td. trafikk forbi tiltaket, og trafikksikring. Dette er hensyntatt ved at det er satt opp gjerder som sikrer brukere og trafikanter. Samtidig er det verdt å merke seg at trafikkbelastningen er lav i området.

Fra et politisk ståsted, gir tiltaket samfunnsmessige ringvirkninger, som er vesentlig større enn ulempene, og støtter opp under Alver kommune sitt mål om å ta heile kommunen i bruk.

Dersom tiltaket var et tiltak, som var ment permanent og varig, ville AMP utvalget funnet det rimelig med krav om reguleringsplan i tråd med plan- og bygningslova §12-4.

Det er viktig å understreke at tiltaket er mobilt og reversibelt, og er primært et samfunnstiltak rettet mot allmenheten.

Tiltaket har lav kommersiell verdi, og deler av tiltaket er gratis for brukende. For den betalende biten av tiltaket, er inntektsgrunnlag begrenset til å dekke nedbetaling, løpende drifts og vedlikeholdskostnader.

Krav om reguleringsplan vil åpenbart sette en stopper for tiltaket, og lokale innbyggere må transporteres til andre steder i kommunen for tilsvarende opplevelser. APM utvalget finn dette uheldig.

Utvalget har også vanskelig å sjå at medhold i klagen vil kunne gi presedens virkning, og føre til oppblomstring av lignende tiltak, med tilhørende negative ringvirkninger.

Slike tiltak er avhengig av et inntektsgrunnlag som dekker inn drift og vedlikeholdsutgifter. Det er slik sett et begrenset marked, og lite trolig at man vil få ei stor oppblomstring av tilsvarende tiltak og med tilhørende dispensasjonssøknader.

Konklusjon:

Ut fra vurdering gitt under begrunnelse, finn AMP utvalget at fordeler er klart større enn ulemper, og det kan gis dispensasjon på vilkår.

Punkter

1.

Vedtak:

Alver kommune gir tiltakshaver, Bøvågen småbåtlag, Gbnr. 424/325, medhold i klage på avslag om søknad om dispensasjon fra friområde i sjø og byggegrense mot sjø, samt løyve til etablering av flytebrygge med badstu (heretter kalt tiltaket) til allmenn tilgjengelig bruk, på følgende vilkår:

- Formålet med tiltaket skal være allmenn tilgjengelighet, og tiltaket kan ikke privatiseres.
- o Eventuell sikring av tiltaket, skal være av hensyn til helse og miljø.
- o Livbøye eller lignende skal være tilgjengelig i umiddelbar nærhet av tiltaket.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyst og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Dispensasjon er gitt er i tråd med plan- og bygningslova §19-12.

Tiltaket innebærer ikke at lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser blir vesentlig satt til sides.

Ved dispensasjon skal utvalget ta stilling til om fordeler ved å gi dispensasjon er klart større enn ulemper.

Ved dispensasjon skal det også legges særlig vekt på konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet.

Ved å stille vilkår knytt til dispensasjonen, meiner AMP at helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet er godt ivarettatt.

For å kunne ta stilling til om fordelene var klart større enn ulempene, var utvalget på synfaring den 2.6.2025.

Etter utvalget sitt syn, støtter tiltaket opp under Bøvågen som ei aktiv og engasjert bygd, som er opptatt av samhold, dugnadsarbeid og «alle skal med». Tiltaket er slik sett et godt tilbud til bygda.

Kaiområdet er også ein samlingsplass for bygda, og arena for ulike arrangement.

Tiltaket er mobilt og reversibelt, og satt opp slik at det er tilrettelagt for allmennheten.

Av ulemper vurderast forhold som td. trafikk forbi tiltaket, og trafikksikring. Dette er hensyntatt ved at det er satt opp gjerder som sikrer brukere og trafikanter. Samtidig er det verdt å merke seg at trafikkbelastningen er lav i området.

Fra et politisk ståsted, gir tiltaket samfunnsmessige ringvirkninger, som er vesentlig større enn ulempene, og støtter opp under Alver kommune sitt mål om å ta heile kommunen i bruk.

Dersom tiltaket var et tiltak, som var ment permanent og varig, ville AMP utvalget funnet det rimelig med krav om reguleringsplan i tråd med plan- og bygningslova §12-4.

Det er viktig å understreke at tiltaket er mobilt og reversibelt, og er primært et samfunnstiltak rettet mot allmenheten.

Tiltaket har lav kommersiell verdi, og deler av tiltaket er gratis for brukende.

For den betalende biten av tiltaket, er inntektsgrunnlag begrenset til å dekke nedbetaling, løpende drifts og vedlikeholdskostnader.

Krav om reguleringsplan vil åpenbart sette en stopper for tiltaket, og lokale innbyggere må transporteres til andre steder i kommunen for tilsvarende opplevelser. APM utvalget finn dette uheldig.

Utvalget har også vanskelig å sjå at medhold i klagen vil kunne gi presedens virkning, og føre til oppblomstring av lignende tiltak, med tilhørende negative ringvirkninger.

Slike tiltak er avhengig av et inntektsgrunnlag som dekker inn drift og vedlikeholdsutgifter.

Det er slik sett et begrenset marked, og lite trolig at man vil få ei stor oppblomstring av tilsvarende tiltak og med tilhørende dispensasjonssøknader.

Konklusjon:

Ut fra vurdering gitt under begrunnelse, finn AMP utvalget at fordeler er klart større enn ulemper, og det kan gis dispensasjon på vilkår.

Punkter

1.

Vedtak:

Alver kommune gir tiltakshaver, Bøvågen småbåtlag, Gbnr. 424/325, medhold i klage på avslag om søknad om dispensasjon fra friområde i sjø og byggegrense mot sjø, samt løyve til etablering av flytebrygge med badstu (heretter kalt tiltaket) til allmenn tilgjengelig bruk, på følgende vilkår:

- Formålet med tiltaket skal være allmenn tilgjengelighet, og tiltaket kan ikke privatiseres.
- o Eventuell sikring av tiltaket, skal være av hensyn til helse og miljø.
- o Livbøye eller lignende skal være tilgjengelig i umiddelbar nærhet av tiltaket.

PS 65/25 Klage på dispensasjon frå regulert avkøyrslø og frå krav om saltak samt løyve i eitt-trinn for oppføring av tomannsbustad - gbnr 108/634 - Felt B1 Gamle Prestavegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Protokollmerknad i saken:

Som politiker og medlem i areal, plan og miljø, er det svært viktig at alle parter blir hørt i berørte saker, ikke minst «de tause stemmene». Klageadgang og høringsuttalelser er gode demokratiske verktøy, som bør brukast der man finner det ønskelig og tjenlig, for å fremme sitt eller sine syn.

I sakens anledning kan det synest som det er et primærmål å stoppe tiltaket, ved å ta i bruk ulike vikarierende motiver. Til tross denne personlege oppfatningen, er alle momenter i saken vurdert ut frå et objektivt ståsted.

For undertegnede er spesielt distriktsutviklende tiltak viktig, samt det å ta heile kommunen i bruk.

Bedrifter som satser perifert, kan oppleve en lavere fortjenestemargin, og likevel relativt høyt risiko.

På generelt grunnlag er det betenkelig at enkelte lokale samfunnsaktørar og samfunnsdrivere pådrar seg motbør, forsinkelser og store kostnader, ved at særkrefter stadig leter etter kreative utveier for å trenere eller stoppe tiltak. Dette skaper unødvendig støy og ressursbruk for alle parter, inkludert Alver kommune og dens administrasjon.

Frå et politisk ståsted vil en anbefale, og oppfordre til minnelig dialog, i stede for konflikt og ressurs eskalerende tiltak.

Minnelig dialog kan ofte være effektivt, og i sum oppleves mer konstruktivt og løsningssskapende.

Kenneth Taule Murberg, Alver Senterparti

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Klagen ifrå gjenbuar og talsperson for hol eik, på gjeve dispensasjon frå regulert avkøyrslø og frå krav om saltak, samt løyve i eitt-trinn for oppføring av tomannsbustad – gbnr 108/634

– Felt B1 Gamle Prestavegen, datert 30.01.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå regulert avkøyrse og frå krav om saltak for oppføring av ein tomannsbustad. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Alver kommune gjev løyve til etablering av tomannsbustad på eigedom gbnr 108/634. Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Eiketreet i FL/B1 skal bevarast, slik det går fram av planskilding. RP pkt. 8.2 og øvrige planføresegn gjeld fortsatt.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Før det vert gjeve ferdigattest eller mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Relevante rekkefølgekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 66/25 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av 2 tomannsbustader - gbnr 24/158 og 24/159 Mykingvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utvalet var på synfaring før møtet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, for etablering av tomannsbustader vert godkjent. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 12-4 dispensasjon frå reguleringsplan.

Arealplaner

Vi viser til vedlagt dispensasjonssøknad.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

PS 67/25 Klage på dispensasjon frå LNF-føremålet og pbl. § 1-8 samt løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsbustad - gbnr 338/3 Ådlandsvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Utval for areal, plan og miljø opprettheldt vedtak - 26.03.2025:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyst og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Utval for areal, plan og miljø opprettheldt vedtak - 26.03.2025:

PS 68/25 Språkbruksplan for Alver kommune

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Olav Steinar Namtvedt-SP:

Endringsforslag:

Under punkt Barnehage, skule og vaksenopplæring:

Me skal etablera eit prosjekt som førebur å innføra nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa **frå hausten 2026**.

Framlegget falt med 4 røyster for og 6 mot. (Nina Øvreås-FRP, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP; Irene S Østerbø-VIP, Karina B Solen-H, Ståle J Hauge-AP)

Framlegg frå Tore Helland-FRP:

Forslag om at kulepunkt under tiltak i språkbruksplanen skal støtta dei tilsette sitt arbeid med språk, lesing og skriving i barnehage og skule tas ut:

Me skal etablera eit prosjekt der målet er å innføra nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa

Framlegget frekk 5 røyster for og 5 røyster mot, utvalsleiar dobbeltstemme vart avgjerande. Framlegget vart vedteke med 6 røyster for og 4 røyster mot. (Eldbjørg Bakke-R, Kenneth T Murberg-SP, Liv Hopland-SP, Olav S. Namtvedt-SP, Irene S Østerbø-VIP)

Kommunedirektøren sitt framlegg med endringsforslag vart vedteke med 9 røyster for 1 røyst mot. (Ståle J Hauge-AP).

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

- Kommunestyret vedtar språkbruksplan med tilhøyrande handlingsdel for Alver kommune.
- Planen skal reviderast etter fire år.

Forslag om at kulepunkt under tiltak i språkbruksplanen skal støtta dei tilsette sitt arbeid med språk, lesing og skriving i barnehage og skule tas ut:

- Me skal etablera eit prosjekt der målet er å innføra nynorsk som opplæringsspråk i vaksenopplæringa

PS 69/25 Detaljreguleringsplan for Hanevika - Sylta, gbnr 421/2 og 11 m.fl. - 1. gongshøyring/offentleg ettersyn

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

PS 70/25 Detaljregulering for Børøy - 2. gongs handsaming

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Børøy gbnr. 58/15 mfl., PlanID 46312021008, som vist på plankart sist datert 14.05.2025 og med føresegn av revisjonsdato 14.05.2025 med følgjande endringar:

1.Føresegn 3.2.2 supplerast med kulepunkt:

oTrappeforbindelsane i felt GG skal ha god intern samanheng både i utforming og materialbruk, og tilpassast forventa ferdsel.

2.Illustrasjonsplan må oppdaterast slik at den viser maks utnytting av tomtearealet, dvs. hytter med grunnflate = 150 m².

Endringane skal oppdaterast i samsvar med kommunestyrets vedtak før kunngjering av reguleringsplan.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas §§ 12–12, jf. 12-11.»

PS 71/25 Revisjon: Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Areal, plan & miljø gjev sin tilslutning til vedtak av nye grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse for Alver kommune.

PS 72/25 Høyringsuttale frå Alver kommune på forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Alver kommunestyre legg fram høyringsuttale til forslag til Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033 i Vestland vassregion slik det går fram av saka.

PS 73/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankrav, naustføremål på land og arealføremålet småbåthamn i sjø samt avslag på søknad om løyve for flytebyggje med landgang – gbnr 347/52 Skurtveitvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Irene S Østerbø-VIP:

Utsett for synfaring ved neste høve.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Saka er utsett for synfaring. APM ber om synfaring ved første moglegheit.

PS 74/25 Klage på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø for fjerning av grunne i sjø med 2 vilkår - gbnr 229/9 Bjørsvikvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Nina S Øvreås-FRP:

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 26.03.2025:

APM stadfestar sitt vedtak av 04.12.2024 og opprettholder dispensasjons frå arealføremål i kommuneplan for Lindås 2019-2031.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyst og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

«Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 26.03.2025:APM stadfestar sitt vedtak av 04.12.2024 og opprettholder dispensasjons frå arealføremål i kommuneplan for Lindås 2019-2031.

PS 75/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl. § 1-8 samt avslag på søknad om løyve for etablering av veg – gbnr 351/108 Naustvika

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Nina S Øverås-FRP:

Ynskjer å utsetje saka for synfaring ved første moglegheit.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Saka er utsett for synfaring. APM ber om synfaring ved første moglegheit.

PS 76/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og avslag på søknad om løyve for oppføring av bustad nr. 2 (kårbustad) på gard med planlagt framtidig drift - gbnr 344/2 Skintveitvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Klagen ifrå tiltakshavar, på avslag på søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF og avslag på søknad om løyve for oppføring av bustad nr. 2 (kårbustad) på gard med planlagt framtidig drift - gbnr 344/2 Skintveitvegen, datert 25.04.2025, vert teke til følge.

Nytt vedtak skal lyde:

«Alver kommune gir dispensasjon frå arealføremål LNFR for oppføring av Bustadhus nr. 2 på garden. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Oppføring av bustad nr.2 (kårbustad) er på gard med planlagt framtidig drift i samsvar med arealføremålet LNF, sjå fråsegn av Landbruk, datert 13.05.2024.

Utval for areal, plan og miljø er positiv innstilt til tiltaket. Bustad nr. 2 (kårbustad) er naudsynt som ledd i generasjonsskifte på garden og for å få garden i aktiv stordrift. Bustad nr. 2 (kårbustad) gjer det mogleg å nytta den eldre generasjon sin kunnskap og erfaring saman med den yngre generasjon sin moderne kunnskap, erfaring og motivasjon for å ta garden inn i framtida med aktiv stordrift, herunder jordbærproduksjon i stor skala, slik det er redegjort for i saka.

Søknad om løyve til oppføring av våningshus nr. 2 (kårbustad) på gard med planlagt framtidig drift, vert oversendt til administrasjonen som vil fatte administrativt vedtak med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 (a) i tråd med innstillinga.».

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 77/25 Klage på dispensasjon frå naustføremål på land, arealføremålet bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsona og frå byggegrense mot sjø for etablering av 2 felles slippar, mur og dekker til 7 naust på vilkår – gbnr 60/3 Langeneset

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Klagen ifrå Statsforvaltaren i Vestland på dispensasjon frå naustføremål på land, arealføremålet bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsona og frå byggegrense mot sjø for etablering av 2 felles slippar, mur og dekker til 7 naust på vilkår – gbnr 60/3 Langeneset, datert 05.03.2025, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommune gjev dispensasjon frå regulert planføremål på land (naust), frå uregulert føremål i sjøen (bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsona) og frå avsett byggegrense mot sjøen i kommunedelplanen for Lindås for oppføring av 2 felles slipp, mur med dekker til 7 naust. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Dispensasjon vert gitt på følgjande vilkår:

- 1.Vedtak om løyve frå Statsforvaltaren, jf. Lurefjorden og Lindåsosane marint verneområde, må ligge føre før kommunen kan handsame søknad om løyve etter plan- og bygningslova.
- 2.Vilkår satt i uttale frå Fiskeridirektoratet av 06.02.25 skal stettast ved bygging.
- 3.Tiltaket skal godkjennast etter havne -og farvannslova av Bergen hamn før det kan handsamast etter PBL.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 78/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for bruksendring og på avslag på søknad om løyve til bruksendring og fasadeendring – gbnr 99/27 Fjellangersvingane

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Framlegg frå Ståle J Hauge-AP:

Ynskjer å utsetje saka for synfaring ved første moglegheit.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 04.06.2025:

Saka er utsett for synfaring. APM ber om synfaring ved første moglegheit.

